




Fyresdal kommune
Sektor for kultur og
oppvekst

Lokal utviklingsplan

Den kulturelle skulesekken og beremeisen


skuleåret 2011/2012



KULTURNYKELEN



Fyresdal kultur og oppvekst er ein sektor innan Fyresdal kommune som fannar om grunnskulen, barnehagen og kulturlivet i Fyresdal. Vi er ein organisasjon som har følgjande organisering:



Vi arbeider med å utvikle ein sektor som nyttar kvarandre sine sterke sider, ressursar og planar for å dra i same retning. Hovudmålsetjing er å gjere oppveksten til born og unge i Fyresdal betre. Kultur skal vere limet som skal få oss til å tenkje og handle synkront. Vi har felles årsplan.

Vi gjennomfører lett i Fyresdal fordi vi er enkelt organisert: ein skule, ein barnehage og ein kulturskule. Handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar er viktig i Fyresdal. Kultur og oppvekst, barn, unge og kultur, er eit hovudsatsingsområde i kommuneplanen.

I sektor for kultur og oppvekst har vi ein kulturell sekk både for grunnskulen og barnehagen. Utgangspunktet for den kulturelle skulesekken og beremeisen i Fyresdal er å planfeste dei tiltaka vi allereie gjer i Fyresdal, samt å jobbe framover med å utvikle dette. Det er lagt ned mykje arbeid på å utvikle og strukturere tiltaka vi ynskjer å ha i Fyresdal. I 2011 vil vi utvikle ein strategisk plan som skal handsamast politisk. Dette fordi vi ynskjer ei sterkare og meir bindande politisk forankring. Den lokale delen av planen skal rullerast kvar vår.



Beremeisen, lokale mål for Fyresdal barnehage:



Tiltak:

1. Førestillingar – teater eller musikk:

Målgruppe: 3, 4 og 5 åringar.

Kor ofte: Minimum 2 gonger i året

Ansvar: Kulturavdelinga

- Kulturavdelinga bestiller og organiserar minimum 2 førestillingar i året av og med profesjonelle utøvarar utanfrå.
- Førestillingane kan veksle mellom teater eller konsert.

2. Leseglede:

Målgruppe: 3, 4 og 5 åringar.

Kor ofte: kvar veke frå oktober til og med april

Ansvar: Fyresdal Folkebibliotek

- Folkebiblioteket gjev born i barnehagen lesestimulering fleire gonger i veka frå oktober til april.
- Fokuset er å stimulere til leseglede og betre språkutvikling, jamfør lokal plan for lesing 0-16 år.

3. Musikksamlingar:

Målgruppe: Alle born i barnehagen.

Kor ofte: 6 samlingar i oktober/november, 6 samlingar mars/april

Ansvar: Fyresdal Kulturskule

- Kulturskulen har musikksamling for alle avdelingar i barnehagen, 6 samlingar haust og 6 samling vår.
- Fokuset er rørsle, musikkglede og utvikling av kroppsmedvit.

4. Kunst:

Målgruppe: 5 åringar.

Kor ofte: vårhalvåret

Ansvar: Fyresdal Barnehage i samarbeid med kulturavdelinga

- Det vert måla eit bilete i prosess saman med ein profesjonell utøvar.
- Biletet vert lagt ut for sal.

Beskriving av rammer i Fyresdal Barnehage:


- Fyresdal barnehage arbeider etter rammeplanen innan område kunst, kultur og kreativitet.
- Avdelingane for born frå 2 til 3 år er utan gjerde mot skogen og ungane kan gå og leike fritt i skoghellinga rundt.
- Barnehagen for dei eldste borna har stort uteområde med plass for byggjeleik og måltider i friluft og i grindebygget.
- Ein lavvo i nærområdet nyttast som alternativ. I dette opplegget er det lagt vekt på rørsle, natur og kultur.
- Vi har eit stort og flott bygdemuseum som vi nyttar.

Fyresdal barnehage vil leggje vekt på sosial kompetanse innan alle område i barnehageåret 2011/2012. Sosial kompetanse handlar om korleis vi omgår kvarandre og er grunnleggjande for barns utvikling. Vi ynskjer at barnet skal:

- Klare å ta omsyn til andre i leik og setje seg inn i korleis andre har det.
- Ha positive sosiale haldningar, til dømes å hjelpe, oppmuntre og dele med andre.

- Kunne vente på tur, inngå kompromiss og fylgje opp avtaler. Setje egne behov til side og takle konflikter.
- Ta initiativ i høve andre menneske, våge å spørje andre om ting dei lurar på, introdusere seg sjølv og reagere hensiktsmessig på andres haldningar.
- Sjå verdien av å skape humor og å leike med ord og tankar.

Skulesekken, lokale mål for småsteget, 1.-4. klasse:



Tiltak:

5. Førestillingar – teater eller musikk:

Målgruppe: 1.-3. klasse, tidvis 4. klasse

Kor ofte: Minimum 2 gonger i året

Ansvar: Kulturavdelinga

- kulturavdelinga bestiller og organiserar minimum 2 førestillingar i året av og med profesjonelle utøvarar utanfrå
- førestillingane kan veksle mellom teater eller konsert

6. Marionette-teater:

Målgruppe: 1. klasse

Kor ofte: ½ dag, workshop og lagging av førestilling

Ansvar: Kulturavdelinga med avtaler, skulen for gjennomføring

- kulturavdelinga leiger inn to aktørar frå Det gamle apoteket, Lanna, som lagar marionette-dokker saman med 1. klasse
- saman set dei opp ei førestilling som vert vist til 2. klasse og 5 åringane

7. Rekruttering korps:

Målgruppe: 3. og 4. klasse

Kor ofte: opplegg over 6 veker på hausten

Ansvar: kulturskulen – dirigent eller instruktør

- dirigent og/eller instruktør for Fyresdal Musikkorps gjennomfører eit opplegg over 6 veker i musikktimeane på skulen
- elevane skal då jobbe med noter, instrument og ensemblespel og lære om korleis det er å spele i korps

8. Lokal folkedans:

Målgruppe: 4. klasse

Kor ofte: 6 timars workshop fordelt over fleire dagar

Ansvar: Kulturavdelinga i samarbeid med kulturskulen

- kulturskulen gjennomfører 6 timars workshop der elevane går gjennom lokal folkedans
- elevane skal lære å danse reinlender, vals og polka

9. Jol i gamle dagar:

Målgruppe: 1.- 4. klasse

Kor ofte: ein dag i desember

Ansvar: skulen i samarbeid med Vest-Telemark Museum og Bygdemuseet

- tema for opplegget er jol i gamle dagar, med fokus på gamle tradisjonar
- fokuset for 1.-2. klasse er formidling
- fokuset for 3.-4. klasse er baking på det gamle bakeriet
- vi nyttar arealet og bygningane i Øyskogen

10. Kulturverkstad:

Målgruppe: 1.-4. klasse

Kor ofte: 1 veke i vårhalvåret

Ansvar: Gimle skule i samarbeid med kulturskulen

- det vert gjennomført kulturverkstad for heile skulen med fokus på kulturelle og estetiske uttrykk.
- opplegget skal vere aldersblanda

11. Frivillig kor:

Målgruppe: 1.-4 klasse

Kor ofte: Over ein periode på 4 veker

Ansvar: småsteget på Gimle skule

- skulen gjennomfører eit opplegg for dei elevane som ynskjer å synge i kor
- dette vert framført på open skuledag på hausten

Beskriving av rammer for småsteget:

- Kulturskatten kjem etter oppsett plan.
- Folkebiblioteket pakkar bokkasser tilpassa kvar klasse til bruk i klasserommet. Bibliotekaren kan og presentere bøkene for elevane. Fokus på stimulering av leseglede og språkutvikling, jamfør plan for lesing 0-16.
- Vi brukar ein lavvo i nærområdet som "klasserom". I dette opplegget er det lagt vekt på rørsle, natur og kultur.
- Vi har eit stort og flott bygdemuseum som vi nyttar. I bruken av dette samarbeider ein blant anna med Vest-Telemark museum.
- Småsteget arbeider systematisk innan området sosial kompetanse. Det er timeplanfesta to halvtimar kvar veke. Vi brukar Zippys venner og ART som metode.

Skulesekken, lokale mål for mellomsteget, 5.-7. klasse:



Tiltak:

12. Geologitur til Moisesberg:

Målgruppe: 5. klasse

Kor ofte: undervisningsopplegg knytt opp mot ein heildagstur, vår

Ansvar: skulen i samarbeid med kulturavdelinga

- kulturavdelinga skaffar formidlar til å vise kor spesiell geologi vi har i Fyresdal
- skulen gjennomfører eit undervisningsopplegg om geologi i forkant

13. Fast vårkonsert:

Målgruppe: 5. klasse

Kor ofte: undervisning knytt opp mot gjennomføring av ein vårkonsert

Ansvar: skulen

- undervisninga i musikk er lagt opp mot gjennomføring av konsert
- konserten vert visa for 1.- 4. klasse og føresette

14. Litteratur og forfatterbesøk:

Målgruppe: 6. klasse

Kor ofte: ein halv dags opplegg, haust

Ansvar: kulturavdelinga

- tema for opplegget er jol i gamle dagar, med fokus på gamle tradisjonar
- fokuset for 1.-2. klasse er formidling
- fokuset for 3.-4. klasse er baking på det gamle bakeriet
- vi nyttar arealet og bygningane i Øyskogen

15. 17. mai:

Målgruppe: 6. klasse

Kor ofte: undervisning knytt opp mot gjennomføring av 17. mai

Ansvar: skulen i samarbeid med føresette for 6. klasse

- undervisninga i skulen er lagt opp mot gjennomføring av underhaldning og organisering av 17. mai som kulturarrangement i Fyresdal

16. Workshop dans:

Målgruppe: 7. klasse

Kor ofte: ½ dag workshop med førestilling, vår

Ansvar: kulturavdelinga

- det vert halde workshop med profesjonelle dansarar
- workshopen skal ende i førestilling for 5. og 6. klasse

17. Topptur til Høgskor og Høgenut:

Målgruppe: 7. klasse

Kor ofte: ein dags opplegg med kulturformidling, haust

Ansvar: småsteget på Gimle skule

- skulen gjennomfører eit opplegg for dei elevane som ynskjer å synge i kor
- dette vert framført på open skuledag på hausten

18. Kulturverkstad:

Målgruppe: 5.-7. klasse

Kor ofte: 1 veke i vårhalvåret

Ansvar: Gimle skule i samarbeid med kulturskulen

- det vert gjennomført kulturverkstad for heile skulen med fokus på kulturelle og estetiske uttrykk.
- opplegget skal vere aldersblanda

19. Frivillig kor:

Målgruppe: 5.-7 klasse

Kor ofte: Over ein periode på 4 veker

Ansvar: mellomsteget på Gimle skule

- skulen gjennomfører eit opplegg for dei elevane som ynskjer å synge i kor
- dette vert framført på open skuledag på hausten

20. Gamle joletradisjonar:

Målgruppe: 5.-7. klasse

Kor ofte: ein dag i desember

Ansvar: skulen i samarbeid med heimane

- alle elevane reiser rundt i ulike heimar og lærer noko av det som var vanleg å lage i kvar heim til jol, til dømes brau, lefse, øl, rull, sylte

Beskriving av rammer for mellomsteget:

- Kulturskatten kjem etter oppsett plan.
- Vi samarbeider med Vest-Telemark museum for å ha for å ha ulike opplegg.
- Folkebiblioteket pakkar bokkasser tilpassa kvar klasse til bruk i klasserommet. Bibliotekaren kan og presentere bøkene for elevane. Fokus på stimulering av leseglede og språkutvikling, jmf plan for lesing 0-16.
- Vi knyttar til oss krefter i innan idrett for å få til eit breiare tilbod til elevane i skulen.
- Vi brukar ein lavvo i nærområdet som "klasserom". I dette opplegget er det lagt vekt på rørsle, natur og kultur.
- Gimle skule arbeider systematisk innan området sosial kompetanse. Vi brukar ART som metode.

Skulesekken, lokale mål for ungdomssteget, 8.-10. klasse:



Tiltak:

21. Gruvetur til Åmdalsverk:

Målgruppe: 8. klasse

Kor ofte: undervisningsopplegg knytt opp mot ein heildagstur, vår

Ansvar: skulen i samarbeid med kulturavdelinga

- Kulturavdelinga organiserar tur til Åmdalsverk gruver med formidlar
- skulen gjennomfører eit undervisningsopplegg om historie i forkant

22. Geologitur til Roan:

Målgruppe: 9. klasse

Kor ofte: undervisningsopplegg knytt opp mot ein heildagstur, vår

Ansvar: skulen i samarbeid med kulturavdelinga

- kulturavdelinga skaffar formidlar til å vise kor spesiell geologi vi har i Fyresdal
- skulen gjennomfører eit undervisningsopplegg om geologi i forkant

23. Workshop dans:

Målgruppe: 10. klasse

Kor ofte: ½ dag workshop med førestilling

Ansvar: kulturavdelinga

- det vert halde workshop med profesjonelle dansarar
- workshopen skal ende i førestilling for 8. og 9. klasse

24. Musikkveke:

Målgruppe: 8.-10. klasse

Kor ofte: 1 veke i vårhalvåret

Ansvar: kulturskulen

- kulturskulen overtek all musikkundervisning for heile ungdomssteget
- delar av undervisning vert organisert som prosjekt som er ein stor produksjon som er ei musikkveke på våren
- brukarmedverknad med elevane er svært mykje vektlagt, der elevane er med å utformar tema, manus og er med å vel musikk

25. Kulturverkstad:

Målgruppe: 8.-10. klasse

Kor ofte: 1 veke i vårhalvåret

Ansvar: Gimle skule i samarbeid med kulturskulen

- det vert gjennomført kulturverkstad for heile skulen med fokus på kulturelle og estetiske uttrykk.
- opplegget skal vere aldersblanda

Beskriving av lokale tiltak:

- Kulturskatten kjem etter oppsett plan.
- Folkebiblioteket pakkar bokkasser tilpassa kvar klasse til bruk i klasserommet. Bibliotekaren kan og presentere bøkene for elevane. Fokus på stimulering av leseglede og språkutvikling, jmf plan for lesing 0-16.
- Vi brukar ein lavvo i nærområdet som "klasserom". I dette opplegget er det lagt vekt på rørsle, natur og kultur.
- Gimle skule arbeider systematisk innan området sosial kompetanse. Vi brukar ART som metode.

Faste kulturopplevingar:

Fyresdal kultur og oppvekst er med i kulturskatten og har ei avtale med skulekonsertar innan rikskonsertane. Dette inneber at vi får fleire førestillingar gjennom heile året.

Det vert sett av pengar for kvart år, slik at barnehagen skal få minimum to profesjonelle møter med kunstnarar, dette tilbodet gir vi og til 1.-3. klasse, av og til 4. klasse.

Kulturavdelinga leiger inn profesjonelle innan teater og dans og koordinerar og gir fleire tilbod og flotte kulturopplevingar, workshops og førestillingar.

Vi er deltakar i eit konsolidert museum for Vest-Telemark som Fyresdal Bygdemuseum er inkludert i. Vest-Telemark museum har ferdige opplegg for skuleklasser. Vi samarbeider med Vest-Telemark Museum så mykje vi kan.

Fyresdal er ein kommune med mange kulturminne, både gravhaugar, gamle bygningar og eit godt bevara kulturlandskap. Vi arbeider med å nytte desse kulturminna innan pedagogisk verksemd.

Avdelingsleiar kultur

Sektorsjef kultur og oppvekst

Sarke Veum

Torny Moripen

